

# Opna med ein fest



**KULTUR:** BORN OG VAKSNE FRÅ NØRINGEN STOD FOR EITT AV KULTURINNSLAGA.

## • Høgtid med ordførarkjeda • Ferdig førre fredag

[Jan Egil Fimreite](#)

bergen: Det nye Vestland vart feira med stor festivitas i Håkonshallen i Bergen tysdag kveld.

Kommunalminister Monica Mæland helsa forsamlinga, som bestod av dei to tidlegare fylkestinga, det noverande fylkestinget, ordførarar og andre innbedne gjester. Dei var også ti personar som representerte den jamne innbyggjar i det nye fylket.

Fylkesordførarane Anne Gine Hestetun og Jenny Følling ynskte velkomen, før ei rekkje personar tok over talarstolen.

## **Kultur**

Det var også kulturelle innslag, med Nøringen som starta i 2018 som eit kulturskuletilbod for 4–6 åringar i alle hardangerkommunane og på Voss. Hardingfela, no har i samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum initierte satsinga, med kulturarv, tradisjonsmusikk og dans som den raude tråden i Nøringen. Her kom syngjande Nøringenborn og unge hardingfelespelarar frå alle kantar av nye Voss herad saman med dansarar frå Stryn.

## **Høgtid**

Kveldens store høgtid var overrekking av den nye fylkesordførarkjeda til fylkesordførar Jon Askeland. Ei eiga komponert Fanfare for Vestland opna denne sekvensen. Komponist var Torstein Aagaard-Nilsen og musikarar frå Sjøforsvarets musikkorps framførte fanfaren. Tidlegare fylkesordførar i Sogn og Fjordane stod for sjølve overrekkinga, saman med tidlegare fylkesordførar Anne Gine Hestetun frå Hordaland.

Sølvsmed Knut Mykkeltvedt samarbeidde med biletkunstnar Åse Bjørnstad Dale i Aurland om oppgåva med å laga kjeda. 16 motiv frå heile Vestland dannar den ferske fylkesordførarkjeda.

## **Lokal mat**

Det var sjølvsagt lokal mat som stod på menyen. Her var Lettrøykt Lingalaks frå Hardanger, sylta gulrot frå Lærdal, røykt rømme garnert med tørka tang og tare frå Sjøaker Seaweed på Sotra, Biff av villhjort frå Radøy og Fusa, friske grønsaker frå Finnegaarden på Voss, bacon frå Brakstad i Godvik, viltsaus smaka til med brun geitost frå Underdalsbui, einebær frå fjella rundt Bergen og omnsbakte poteter frå Voss Bringebær og tindved frå Lærdal. Lefse med smørking frå Fjellstad Gardskjøken på Sandane høyrde også med, samt små skillingsbollar frå Bergen.